

SANDØY KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Måndag 18.11.2019 kl. 15.45, Sandøytunet

SAKLISTE:

- Sak 19/19 - Godkjenning av møtebok frå 02.09.2019
- Sak 20/19 – Revisjonsstrategi 2019 for Sandøy kommune.
- Sak 21/19 – Orienteringar frå rådmann:
 1. sluttrapport økonomi Sandøytunet
 2. status legevaktordninga etter 2020

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post <mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no>

Svein Ove Søholt
leiar
(sign.)

Sak 19/19 - Godkjenning av møtebok frå 02.09.2019

KONTROLLUTVALET I SANDØY KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 02. september 2019, kl. 15.45

Møtestad: Sandøytunet

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt.

Elles til stades:

Ann Elin Apelseth Harnes og Jan Kåre Brunvoll.

Ikkje meldt forfall: Nils Erling Finnøy og Liss Anniken Hagen.

= 3 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte rådmann Anny Sønderland.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte ansvarleg revisor Anne Nygård.

Innkallinga og sakslista vart godkjent.

Sak 14/19 - Godkjenning av møtebok frå 13.05.2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 13. mai 2019 blir godkjent.

Sak 15/19 - Innstilling på val av revisjonsordning og revisor for nye Ålesund kommune etter 1. januar 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

Det blei opplyst i møtet at Møre og Romsdal Revisjon SA blei skipa i Kristiansund fredag 23. august 2019. Kontrollutvalet valde derfor å stryke setninga i innstillinga punkt 2 som lydde: «...så framt selskapet blir stifta som planlagt».

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for nye Ålesund kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for nye Ålesund kommune.

Sak 16/19 - Vurdering av revisors uavhengigheit

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Sandøy kommune tek revisors vurdering av uavhengigheit til vitande.

Sak 17/19 - Rapport etter rekneskapsrevisjon 2018 — Sandøy kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

Leiar Svein Ove Søholt fremma på vegne av utvalet fylgjande forslag til nytt punkt 2:

Sandøy kontrollutval ber kommunestyret merke seg punktet i rapporten om etterberekning av vederlag for opphald i institusjon. Kontrollutvalet føreset at desse merknadane blir vurdert snarast. Dette gjeld ei sårbar gruppe som burde vore prioritert.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Sandøy kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.
 2. Sandøy kontrollutval ber kommunestyret merke seg punktet i rapporten om etterberekning av vederlag for opphald i institusjon. Kontrollutvalet føreset at desse merknadane blir vurdert snarast. Dette gjeld ei sårbar gruppe som burde vore prioritert.
-

Sak 18/19 - Kommunal beredskapi Sandøy kommune. Orientering ved rådmann

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 26. august 2019

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Rådmann orienterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det blei orientert om auka merksemd på informasjonsutveksling mellom leiinga og stab.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Eventuelt:

Kontrollutvalet forventar at byggerekneskapen på nye Sandøytun er ferdig politisk behandla og lagt fram til utvalet på neste møte 25. november 2019.

Møtet var slutt kl. 17.35

Svein Ove Søholt
Leiar
(sign.)

Ann Elin Apelseth Harnes
medlem
(sign.)

Jan Kåre Brunvoll
medlem
(sign.)

Sak 20/19 – Revisjonsstrategi 2019 for Sandøy kommune.

Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3 datert 12. september 2019.

Bakgrunn:

Det er eit krav at revisor skal utarbeide ein plan for korleis revisjonen skal gjennomførast. Revisjonsplanen byggjer på ein overordna revisjonsstrategi som skildrar føremål og omfang på revisjonen, når revisjonen skal utførast og kva angrepsvinkel den skal ha. Revisjonsplanen og -strategien skal byggje på ei risiko- og vesentlegvurdering. Det er mange forhold som inngår i denne vurderinga, mellom anna endringar i oppgåver, tenester og organisering i kommunen, og om eit område har blitt revidert tidligare år.

Planen vil mellom anna omfatte dei rekneskapsområda og rekneskapspostane som vil inngå i den årlege revisjonen. Einskilde område vil som regel inngå i revisjonsplanen kvart år. Dette gjeld til dømes store inntekts- og utgiftspostar som skattar, rammetilskot, løn og innkjøp. Vidare skildrar revisjonsplanen kva revisjonshandlingar revisor skal utføre innan dei einskilde områda, og tidspunkt for gjennomføring.

Kontrollutvalet kan i framkant av rekneskapsåret be om at revisor gjev ei orientering om revisjonsstrategien, revisjonsplanen og dei risikovurderingane planen byggjer på. Revisjonsplanen vil vere eit naturleg grunnlag for kontrollutvalet si oppfølging i løpet av rekneskapsåret.

Kontrollutvalet bør vere kjent med dei ulike aktivitetane som revisor gjennomfører i samband med rekneskapsrevisjonen.

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet, kalt overordna revisjonsstrategi 2019. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eitt eller fleire høve ved rapporten står kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Sandøy kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI – SANDØY KOMMUNE - 2019

INNLEIING

I Internasjonal revisjonsstandard ISA 300 – Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7, går det fram at:

«Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gir veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen».

KARAKTERISTISKE TREKK VED OPPDRAGET

Årsrekneskapen for Sandøy kommune dekkjer kommunen si verksemd. 2019 er siste året som eigen kommune, og revisjonsarbeidet vert innretta etter det.

Kommunen deltek i interkommunale samarbeid/selskap. Desse utarbeider eigne rekneskap som blir revidert særskilt.

Det er eit komplekst regelverk som gjeld for alle forvaltningsområda i kommune. Det meste av aktiviteten er regulert i lov- og forskrift, og eventuelle endringar i lovverk, statlege pålegg og liknande vil påverke kommunen. Rammevilkåra er etter vår vurdering ikkje sterkt endra frå 2018 til 2019.

Komrev3 IKS har revidert kommunen over lang tid, og har gjennom dette opparbeidd god kunnskap om oppdraget.

KOMMUNIKASJON OG RAPPORTERING

Komrev3 IKS skal legge vekt på å ha ein god og konstruktiv dialog med kommunen. Gjennom året skal det vere ein kontinuerleg dialog med mellom anna økonomiavdelinga. Ved vesentlege forhold vil ein sikre ein god dialog med rådmannen. Det vert gjennomført eit møte med rådmannen i samband med planlegging av revisjonen.

Revisjonsmelding skal vere avlagt seinast 15.04.2020. Dersom noko blir avdekkja jf. revisjonsforskrifta § 4, vil dette bli rapportert utan opphald i nummererte brev til kontrollutvalet med kopi til rådmannen innan fristen for revisjonsmeldinga.

Dersom det elles gjennom den ordinære revisjonen vert avdekka forhold som er av ein slik art at det skal sendast brev, vil dette bli gjort fortløpande. Annan informasjon og rapportering til kontrollutvalet vil bli vurdert kontinuerleg.

REVISJONSTEAM

Revisjonsselskapet har sett til at revisjonsteamet si samansetning bidreg til å sikre at oppdraget blir gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Arbeidet blir utført av revisjonsteam som er sett saman av:

Oppdragsansvarleg revisor: Anne Nygård
Teammedlemar: Mari Ann Yndestad og Randi Kalvatsvik

Revisjonsteama har tilstrekkeleg kompetanse til å revidere oppdraget. Ved behov vil både dagleg leiari og andre revisorar bli meir involvert i revisjonen av oppdraget. Ved behov for ytterlegare spesialkompetanse vil det bli vurdert særskilt.

VURDERING INNLEIANDE HANDLINGAR

Vår vurdering er at det i all hovudsak er kontinuitet i oppdraget Sandøy kommune. At økonomisjef skal ut i permisjon vil kunne auke risikoen for feil i rekneskapen for 2019.

Kommunen har etter sist avlagte årsrekneskap vorte den kommunen i Møre og Romsdal som har høgaste netto gjeld per innbyggjar. Vedteken låneopptak i 2019 er større enn budsjettet avdragsutgifter. Kommunen hadde eit negativt netto driftsresultat i 2018.

Kommunereforma krev ressursar som i liten grad vert kompensert, og det reduserer kapasiteten til interne prosessar. 2019 er siste året før samanslåing til nye Ålesund kommune.

REVISJONSÅRET

Revisjonen blir delt i 3 fasar: Planlegging, interimsrevisjon og årsoppgjørrevisjon.


	Mai	Juni	Juli	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mars	April
Planlegging og start av nytt år												
Interimsrevisjon - testing av rutinar												
Årsoppgjørrevisjon												
Attestasjon momskompensasjon												
Attestasjonar												

OMRÅDE

Ut frå førebelse identifiserte risikoområde, samt rullering av fokusområde, blir det mellom anna sett meir på følgjande i rekneskapsrevisjonsåret 2019 (lista er ikkje uttømmende)

- Investeringsprosjekt frå budsjettdokument til rapportering
- Gjennomgang av rutinane for byggesaksbehandling
- Balanseposter (overføring til nye Ålesund kommune)
- Kontroll av gjennomført etterrekning av vederlag for opphald i institusjon
- Periodisering av inntektene frå barnehage og SFO

Ålesund, 12. september 2019



Kurt Løvoll
konst. dagleg leiar



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

Sak 21/19 – Diverse orienteringar frå rådmann.

Bakgrunn: frå møteboka til kontrollutvalet 2. september 2019:

Eventuelt:

Kontrollutvalet forventar at byggerekneskapen på nye Sandøytun er ferdig politisk behandla og lagt fram til utvalet på neste møte 25. november 2019.

Vedlagt til møtet 18. november 2019 fylgjer sluttrapport med økonomisk oversikt. Kontrollutvalet forventar at rådmann gjev ei orientering kring desse dokumenta.

Og frå møteboka til kontrollutvalet 13. mai 2019:

Sak 13/19 - Orientering om legevaktordning etter 2020 v/rådmann. Saka vart lagt fram utan tilråding til vedtak.

Rådmann Anny Sønderland ga ei orientering om arbeidet kring legevaktordninga. Det er nedsatt ei arbeidsgruppe i Nye Ålesund som skal utarbeide forslag til ny ordning. Leiar Svein Ove Søholt fremja følgjande forslag som blei samrøystes vedteke:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.
 2. Leiar av kontrollutvalet og sekretariatet får i oppdrag å følgje det vidare arbeidet med ny legevaktordning etter 1. januar 2020. Kontrollutvalet ber om ei oppdatering på sitt møte 2. september 2019.
-

Saka vert med dette lagt fram utan tilråding til vedtak. Kontrollutvalet kan med bakgrunn i orienteringane sjølv fremme eventuelt forslag til vedtak.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



Saksframlegg

Sluttrapport økonomi Prosjekt Sandøytunet med følgjeprosjekt

Saksnr.	Utval	Møtedato
2019/109	Formannskapet	17.10.2019
2019/83	Kommunestyret	17.10.2019

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.10.2019	Sandøytunet 2014-2018, per 15.10.19	1375440

Samandrag:

Prosjekt Sandøytunet - tenester der folk bur - er no avslutta som byggeprosjekt, og offisiell opning vart gjennomført 30.8.2019. Det vert i denne saka lagt fram økonomisk sluttrapport av bokførte utgifter frå starten av prosjektet i 2014 fram til 2019. Sluttoppgjer er klart for alle kontraktar.

Meirforbruk utover vedtak om finansiering er: kr. 7 832 000 eks. mva.

Det er behov for å auke ramme for samla tiltak på kr. 7 832 000.

Saksopplysningar:

Arbeidet med prosjekt Sandøytunet starta i 2014. Det var forventat at sluttoppgjer var ferdig for alle kontraktar til rapportering i september. Grunna ferieavvikling er frist for sluttoppgjer sett til 9.9.2019 og den 23.9.2019 for ei av kontraktene. Sluttoppgjer er såleis først no ferdig. Siste faktuar vart bokført 14.10.2019.

Nedanfor er det lista opp politiske vedtak som omhandlar iverksetting av tiltaka og finansiering for prosjekta som samla er knytt til Prosjekt Sandøytunet- tenester der folk bur.

Politisk vedtak på projektramme

K- sak 14/3	ephorte
K- sak 14/62	ephorte
K- sak 2015/18	websak
K- sak 2015/72	websak
K- sak 2016/35	websak
K- sak 2017/19	websak
K- sak 2017/101	websak

Politiske vedtak finansiering (låneopptak)

K- sak 14/3	ephorte
K- sak 14/62	ephorte
K- sak 2015/72	websak
K- sak 2017/19	websak
K- sak 2017/101	websak

Det har vore rapportert om meirforbruk i kommunestyremøta i 2018 og 2019 ut frå byggerekneskapen.

Sluttrapporten er basert på bokførte utgifter til prosjektet og følgjeprojekt som har vore ført på prosjektet. Det er fem prosjektummer i alt.

Prosjekt/ prosjektnamn	Vedteke ramme
868 Sandøytunet 2014- 2016	500 000
872 Sandøytunet 2015- 2018	400 000
874 Sandøytunet detaljprosjektering	3 110 000
876 Byggeprosjekt Sandøytunet	81 850 000
877 Følgjeprojekt Sandøytunet	890 000
Sum	86 750 000

Prosjektet har gått over tid og sluttarbeidet har vore krevjande.

Økonomiske konsekvensar:

I vedlegg er det samanstillt alle utgifter innan prosjekt og følgjeprojekt frå 2014- 2019, samt oversikt over politiske vedtak om finansiering.

Prosjektet er bygningsmessig ferdigstillt. Alle kontrakter er avslutta.

Sum vedteke prosjektramme: 86 750 000

Forbruk: 94 581 456

Avvik: - 7 831 456

Prosjektleiari stadfestar meirforbruk med avvik på vedteke prosjektramme på kr. 7 832 000 eks. mva. som må finansierast. Det blir tilrådd å nytte ubrukte lånemidlar til å dekke inn meirforbruket.

Det vil bli søkt om Enova tilskot når alle kontraktar no er slutført etter fordeling på tiltak. Det er usikker storleik på Enova tilskot før dette er handsama.

Vurdering og konklusjon:

Prosjektet med følgjeprojekt i denne oversikta er bygningsmessig ferdigstillt med meirforbruk kr. 7 832 000 eks. mva. Vedteke prosjektramme må utvidast.

Framlegg til vedtak:

1. Sandøy kommune tek sluttrapport til orientering.
2. Sandøy kommune vedtek å auke ramma på prosjekt Sandøytunet - tenester der folk bur - med kr. 7 832 000 ved å nytte ubrukte lånemidlar.

17.10.2019 Formannskapet

Behandling:

F-2019/109 Vedtak: Samrøyses tilråding

1. Sandøy kommune tek sluttrapport til orientering.
2. Sandøy kommune vedtek å auke ramma på prosjekt Sandøytunet - tenester der folk bur - med kr. 7 832 000 ved å nytte ubrukte lånemidlar.

17.10.2019 Kommunestyret

Behandling:

K-2019/83 Vedtak:

1. Sandøy kommune tek sluttrapport til orientering.
2. Sandøy kommune vedtek å auke ramma på prosjekt Sandøytunet - tenester der folk bur - med kr. 7 832 000 ved å nytte ubrukte lånemidlar.

Anny Sønderland
rådmann

Ann Kristin Røyset
leiar for helse- og
omsorgstenester

Kategori	Prosjekt	Prosjektnavn				Totalsum
	868	872	874	876	877	
	Sandøytunet 2014-2016	Sandøytunet 2015-2018	Sandøytunet detaljprosjektering	Byggeprosjekt Sandøytunet	Følgeprosjekt Sandøytunet	
Byggesaksgebyr		59 198		5 114		64 312
Eigeninnsats			2 601	121 251	6 857	130 709
Entreprenør - asbest		424 776			8 050	432 826
Entreprenør - bygg				52 056 188		52 056 188
Entreprenør - elektrisk				8 965 057	383 692	9 348 749
Entreprenør - IKT		66 621		28 342		94 963
Entreprenør - luftbehandling og SD-anlegg				4 207 665	75 000	4 282 665
Entreprenør - løfteplattform				190 750		190 750
Entreprenør - sanitær og varmeanlegg				12 052 039	40 566	12 092 604
Entreprenør - storkjøkken				2 211 082	42 780	2 253 863
Entreprenør - vann/avløp				150 760		150 760
Forsikring				40 780		40 780
Materiell	-2 061		11 400	78 916	152 660	240 915
Prosjektering/prosjektledelse	466 241	101 889	4 964 983	7 361 586	108 893	13 003 592
Tilsyn/kontroll		8 441	7 489	142 338	39 513	197 781
(tom)						
Totalsum	464 180	660 925	4 986 474	87 611 868	858 010	94 581 456
				<i>Inkl. parkerings-</i>		
				<i>plassen</i>		
Vedtatt prosjektramme	500 000	400 000	3 110 000	81 850 000	890 000	86 750 000
Avvik	35 820	-260 925	-1 876 474	-5 761 868	31 990	-7 831 456